

**TIL HEIMEN**

Ogna den 11. august -17

Velkommen til eit nytt semester i SFO! Særleg vil vi ønskja dykk nye velkomne! For dykk som er nye i SFO, er lokale våre hovudsakleg i 2.klasserommet. Det er det første klasserommet til venstre når de kjem inn hovudinngangen i brakkene. Sjølv om andre rom også kan verta nytta, er det dette rommet borna kjem til når de nytta morgontilboden, og det er også derifrå det er greiast at borna vert henta. Nå medan skulen er i brakker, er SFO-borna mykje ute. Då kan dei nytta både leikeområdet og kunstgrasbanen.

I starten vil det bli lagt vekt på at alle vert godt kjende med kvarandre, og det vil derfor bli godt tilrettelagt med leik og aktivitetar både ute og inne. Inne er plassen nokså avgrensa, så det er viktig at alle følgjer reglar og beskjedar frå dei vaksne for at alle skal ha det greitt.

For dei borna som kjem før 7.30 om morgonen, vil det vera råd å få frukost. Om ettermiddagen (ca. 14.15) vert det servert brødmat. Det er brød, knekkebrød, ulike slag kjøtpålegg, ost, makrell i tomat, tubeost, brun og kvit ost og syltetøy. Slik er det i det daglege, men det kan også henda at det vert servert varm mat eller bakverk som borna sjølv er med på å laga.

Om ettermiddagane blir det tilrettelagt for både leik, ulike formingsaktivitetar og fotball eller uteaktivitetar for dei som ønskjer det.

**Plan for dei ulike aktivitetane:**

Måndag: spel, leik ute og inne

Tydsdag: leik i hallen, tur

Onsdag: data

Torsdag: matlaging, formingsaktivitet

Fredag: spel, leik ute og inne

Kvar dag (ca. 14.45) kan dei som vil vera med på lesestund, då vert det høgtlesing frå ulike biletbøker frå biblioteket.

Dei vaksne de vil møta i SFO er: Målfrid Fikstvedt, Tone Karin Larsen, Ine Søyland Bø, Lene Hestnes, Kirsti Slettebø og Kathrine Todnem.

**VIKTIG:**

- Dersom barnet ein dag ikkje skal nytta SFO, skal hentast/ gå heim tidlegare enn før avtala, må de gi beskjed. Dette kan avtalast med SFO-personalet eller sendast beskjed om til kontaktlæraren. **Det er ikkje nok at barnet sjølv gir beskjed.** Dersom det ikkje er ny avtale, vert barnet sendt heim som vanleg, eller vi må ringja heim for å vera sikre på korleis det skal vera.
- Dersom det er andre enn dykk føresette som hentar barnet, vil vi også ha melding om det. Alt dette for å ivareta sikkerheten for barnet dykker.

Så håper vi at barnet dykker vil trivast og ha det greitt i SFO, og at de som føresette også vil vera godt nøgde med tilbodet.

Telefonnummeret til skulen er: 51436060

SFO: 48238944

Med vennleg helsing

Vibeke Nygård Apneseth  
SFO-leiar

Liv Blindheim  
Lagleiar

Postadresse:	Kontoradresse:	Telefon:	Telefaks:	Organisasjonsnr:
Feil! Fant ikke referansekilden., Feil! Fant ikke referansekilden. Feil! Fant ikke referansekilden.	Feil! Fant ikke referansekilden., Feil! Fant ikke referansekilden. Feil! Fant ikke referansekilden.	Feil! Fant ikke referansekilden.	Feil! Fant ikke referansekilden.	964 969 590